

## Fritt fram for dei store

**SOGNEPRODUKT HAR EIT** vanskeleg år bak seg. Det om lag 40 år gamle tiltaket, har fått kjenna følgjane av regjeringa si nye line i arbeidsmarknadspolitikken. Den legg opp til at om lag halvdel av tiltaka Nav har kjøpt frå Sogneprodukter skal ut på anbod.

*I røynda har det blitt mindre rom for små og ideelle organisasjonar.*

**SÅ LANGT HAR** det medført at Sogneprodukt på heimebane har mista to av tre Nav-kontraktar til eksterne aktørar. Dagleg leiar Ragnhild Fjærestad legg ikkje skjul på at anbod kostar og har påført verksemda monaleg ekstra arbeid.

**EIN RAPPORT LAGA** på oppdrag frå Forbundet for Ledelse og Teknikk (FLT) viser at det er ikkje berre Sogneprodukt som slit med konsekvensane av den nye «attføringsmarknaden». Der vert det dokumentert at resultatet av anbodsutsetjinga er ei dramatisk kommersialisering av attføringsfeltet.

**HOVUDKONKLUSJONEN I FLT-rapporten** er at regjeringa har mislukkast med å skapa større mangfald i attføringssektoren. Tvert om har det blitt ein konsentrasjon på færre aktørar.

**FOR DET STØRSTE** tiltaket som tidlegare heitte «Arbeid med bistand» var det før anbodsutsetjinga minst 148 tiltaksleverandørar i heile landet. Tilsvarande tal for tiltaket «Oppfølging» har i dag 39 leverandørar.

**MEDAN REGJERINGA HEVDA** dei skulle sleppe til aktørar som Kirkens Bymisjon og sosiale entreprenørar, så har det i røynda blitt mindre rom for små og ideelle organisasjonar.

**NO ER DET** ikkje overraskande at verksemder som før hadde monopol på å levera attføringstenester meiner at alt var betre før, men her har ikkje alt gått etter intensjonen.

**FORKLARINGA ER ENKEL.** Bruk av anbod fremjar ikkje frivillige og faglege eldsjeler. Det fremjar først og fremst selskap som kan skriva profesjonelle anbod eller leiga inn folk til å gjera det. Med andre ord er det slett ikkje på alle området konkurranse skapar mangfald. Sogneprodukt har i år fusjonert med to lokale aktørar i attføringsbransjen, Vik ASVO og Balestrand industriar.

**REGJERINGA ARGUMENTERTE FOR** at samanslåing av tiltak overfor ordinært arbeidsledige og tiltak retta mot personar med nedsett arbeidsevne, ville vera ei forenkling av forvaltninga og at dette ville gjere tiltaka enklare å ta i bruk.

**DEN STORE STYRKEN** til Sogneprodukt er nærleik og kjennskap til verksemdene og arbeidsgjevarane. Dei har over mange år bygd tillit og samarbeid. Verksemdene i regionen har sett at trygg rekruttering har gått hand i hand med eit anna viktig formål, å rekkja ut ei hand til einskildpersonar.

**EIN SKAL IKKJE** omgjerast til objekt i anbodsprosessar når ein som mest har bruk for fellesskapet si omsut.

## Symboltung K

KrF fekk gjennomslag for at K-en skulle på plass att i skulefaget RLE, og ei presisering av at opplæringa i kristendom skulle ha om lag 50% av faget.

Nokre sa dette berre var ei symbolsak, og derfor uvesentleg og unødvendig. For læreplanen sa allereie dette, det var berre namnet som vart endra, sa dei. Likevel møter denne endringa sterk motstand, endåtil i Venstre som vi elles samarbeider med. Dei minner om at no har kyrkje og stat skilt lag, og då er det unaturleg at kristendom skal ha forrang i læreplanar i skulen.

KrF sitt gjennomslag for K-en betyr noko. Det er viktig at vi som bur i Norge kjenner best til den religionen som har lagt så sterke føringar i kulturen vår, og som er innvevd i både i kunst, språk og samfunnsliv. Å ikkje gje born og unge denne kunnskapen, ville vore å ta frå dei ein sjanse til å tolke det som skjer.

Det er lenge sidan skulen hadde ansvar for trusopplæring. Dette ansvaret har dei ulike trussamfunna. Så faget KRLE handlar om kunnskapsformidling.

Vi lever i ei tid der religion er viktig. Dette er særleg tydeleg i forsøka på å skjule eller vise religionen bort frå det offentlege rommet. Vi er ikkje åleine av å få hakeslepp av at Carl I. Hagen frå FrP denne våren foreslo å forby folk å bruke kross-smykke i enkelte jobbar. Som om tru er noko ein kan henge av seg når det passar. KrF vil sikre retten til å uttrykke tru gjennom bruk av religiøse symbol, smykke eller plagg i det offentlege rom så lenge det ikkje er til hinder for læring, deltaking eller å løyse arbeidsoppgåver.

Den same måten å missforstå



**VIKTIG:** – Vi lever i ei tid der religion er viktig. Dette er særleg tydeleg i forsøka på å skjule eller vise religionen bort frå det offentlege rommet, skriv stortingskandidatane frå KrF. (Privat foto)

kva trua betyr for enkeltmennesket ser vi i behandlinga av konvertittane. Om vi legg opp til ein praksis der vi sender konvertittar tilbake til land der dei blir straffa for trua si med grunngevinga at dei ikkje treng å vise kva dei trur på bryt vi menneskerettane.

Sidan skulefaget KRLE ikkje er trusopplæring, vil KrF ha fullfinansiering av trusopplæringsreformen som kyrkja, og andre trussamfunn, driv.

Vi står også framfor ein stortingsperiode der kyrkjelova skal reviderast. KrF vil gje kyrkja reelt indre sjølvstyre, og at det vert omfatta av ei finansieringsordning som sikrar kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn likeverdig finansiering.

KrF ser kyrkja sin rolle i Norge som viktig, og vil ha ei kyrkje som er landsdekkande. Vi trur dette er viktig for folk flest, men at partia på Stortinget ikkje alltid er på linje med veljarane sine i dette spørsmålet. KrF vil lytte til det kyrkja sjølv meiner, og det vi trur gagnar landet best.

**Tore Storehaug**, 1. kand. KrF  
**Trude Brosvik**, 2. kand. KrF

## Årets stortingsvalg

I forbindelse med årets valg er samfunnets urettferdige og diskriminerende behandling av pensjonister tatt opp med politiske parti og partiledere inkludert statsminister, finansminister og politikere i partiene. Dette er en sak som stortingspolitikere bør være flau av, og det er en sak som pensjonister må etterlyse i valgkampen.

Mange av landets pensjonister har gode økonomiske vilkår, og lever et godt liv. Men mange pensjonister har ikke gode økonomiske vilkår, og lever ikke et godt liv. Det har landets politikere sørget for. Mange politikere er trolig ikke klar over at pensjonister har, med ref. til avtale i 1967, betalt inn sin pensjon, så pengene bør være der! Men dette er gjerne for unge politikere som da ikke var født, totalt ukjent.

Hvert år skal løpende pensjonsytelser reguleres 0,75 prosent lavere enn inntektsutviklingen til yrkesaktive. Dette medfører at hvert år får pensjonister redusert kjøpekraft i forhold til yrkesaktive. Dette utgjør, i løpet av år, tusenvis av kroner, dvs. de som har lite skal ha enda mindre? Hvor er logikken, stortingspolitikere?

Grunnpensjonen er redusert med ti prosent for pensjonister som er gifte eller samboere. Er det «straffbart» å være gift eller samboer for pensjonister i Norge?

Enslige pensjonister. Dette er pensjonistgruppen det går hardest ut over. Iflg. info har enslige pensjonister med offentlig pensjon, siste tre år, hatt et tap på kr 21.973, og pensjonister med annen pensjon, siste tre år, hatt et tap på kr. 13.812. Dette er mange penger.

Pensjonister har, siste tre år, hatt redusert kjøpekraft på fire prosent. Dvs. at en pensjon fra Folketrygden på kr 250.000, i den perioden, har fått en redusert kjøpekraft på ca. kr 10.000. En pensjonistinntekt på kr 300.000, har fått redusert kjøpekraft på ca. kr 12.000. Dette er også mange penger. Husleie, mat, drikke, strøm, oppvarming, klær, bilutgifter, etc. koster faktisk like mye for pensjonister som for andre. Men alle stortingspolitikere er gjerne ikke klar over det?

EUs fattigdomsgrense i Norge i 2014 var kr 216.000. Med årets beskjedne økning ligger pensjonssatsene, fortsatt, «milevis» under denne fattigdomsgrensen.

redaksjon@sognavis.no

**Sogn Avis**

er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avstrykk as, Førde,

REDAKTØR:  
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:  
Leif Johannes Lunde

[www.sognavis.no](http://www.sognavis.no)